

Orienteringssak - Søknad om tilskot til utarbeiding av moglegheitsstudie for Eidet**Dokumentinformasjon:**

Saksbehandlar: Hege C Sandnes Gjøsund
E-post: postmottak@haram.kommune.no

Arkivsak: 25/963
Journalpost: 26/18306

Behandling:

Saksnummer: Utval:
 Planutvalet

Dato:

Saksgang:

Fredag 07.08.2026 sende Haram kommune digitalt søknad om tilskot til å utarbeide eit moglegheitsstudie for Eidet. Søknaden gjekk til Møre og Romsdal fylkeskommune, der kommunen kan få støtte gjennom ordninga *Utvikling av framtidsretta lokalsamfunn*. Vedlegga til den digitale søknaden ligg vedlagt orienteringssaka.

Kommunen søker om støtte til å få utarbeidd eit moglegheitsstudie for Eidet, for å utvikle eit attraktivt lokalsenter for den indre delen av Haram, med fokus på funksjonelle trafikale løysingar, nye bustadformer, sambruk og næringsfellesskap. Målsetjinga med eit moglegheitsstudie er at det skal vere ein arena der ein drøfter ulike løysingar, utviklar ein felles «visjon» og peiker ut ei tydeleg retning for vidare utvikling av Eidet.

I grove trekk vil utviklinga av Eidet bestå av tre steg:

1.	Få utarbeidd eit moglegheitsstudie for Eidet, med forslag til funksjonsdeling mellom Vatne og Eidet og nye trafikale rammer.
2.	Revidere kommuneplanen sin arealdel med grunnlag i moglegheitsstudiet (inkl. krav om områdeplan)
3.	Lage ein områdeplan for Eidet, som grunnlag for vidare detaljregulering og gjennomføring

Søknaden om støtte handlar om å få utarbeidd eit moglegheitsstudie for Eidet, men er eit ledd i eit større utviklingsprosjekt. Etter moglegheitsstudiet er gjennomført, ynskjer ein å sitje igjen med eit eller fleire realistiske alternativ for vidare utvikling gjennom ordinært planarbeid.

Samandrag:

Haram kommune har sendt søknad om tilskot til *Utvikling av framtidsretta lokalsamfunn*. Tilskotet vert behandla av Fylkeskommunen og skal nyttast til utarbeiding av moglegheitsstudie for Eidet. Moglegheitsstudiet skal vere ein arena der ein drøftar ulike løysingar, studiet bør klare å konkludere med nokre realistiske alternativ for vidare utvikling gjennom ordinært planarbeid. Søknaden er på 500.000 kr og skal behandlast politisk hos Fylkeskommunen. Ein forventar svar etter vedtak 10.september.

Saksopplysningar:

Søknad om støtte til utarbeiding av moglegheitsstudie er sendt fylkeskommunen. Haram kommune vil få svar på om det vert gjeve tilskot etter vedtak 10.september.

Haram kommune vil leige inn konsulent til å gjennomføre studiet. I bestillinga vil det bli presentert ei liste av ynskje og krav som studiet skal svare på. Ved ferdigstilling av moglegheitsstudiet, vil kommunen gjere ei kvalitetsvurdering av resultatet, basert på lista presentert i bestillinga. Hensikta med moglegheitsstudiet er at det skal danne eit kunnskapsgrunnlag for det vidare arbeid med KPA og områdeplan. Haram kommune er avhengig av at alternativa/resultata som vert presentert i moglegheitsstudiet er realistiske og i tråd med føringar/krav frå overordna mynde, slik dei kan nyttast i vidare planlegging.

Haram kommune søkte om 50% tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Kommunen vil stille med 500.000 av eigne midlar. Haram kommune søkte om eit tilskot på 500.000 kroner. Samla sum på prosjektet vil, med tilskot vere 1.000.000.

Søknadar om tilskot på mindre enn 500 000 kroner blir vurderte av saksbehandlarar i kompetanse- og næringsavdelinga. Søknader om 500 000 kroner eller meir blir vurderte av eit fagpanel før politisk behandling. Haram kommune sin søknad skal difor etter reglane handsamast politisk.

Økonomiske / juridiske / andre driftsmessige og organisatoriske konsekvensar:

Søknaden vil ikkje ha andre verknadar enn positive økonomiske konsekvensar, dersom ein får tilskot.

Anders Norvald Hammer
kommunedirektør

Vedlegg:

1. Utfyllande søknad_tilskot_moglegheitsstudie
2. Tabell_tematiske utfordringar